

05a


FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

- 1 OKT. 1991



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING

1990

FORORD.

Høreøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya og øyane Skorpa, Nærlandsøya, Runde, Remøy, Læinøy, Bergsøy og Flåvær. Kommuna har 540 øyar, holmar og skjær, og har ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1990/91 hadde kommunen eit folketall på ca 8200. 6 av dei 8 øyane er no knytte saman med bruver som gjer det lettvinnt for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg med Rådhuset og kommuneadministrasjonen.

INNHOLD.

KAPITEL.	Side
1. Rettledningstenesta si verksemd og funksjon	1
1.1. Kontoret	1
1.2. Personalet	1
1.3. Korrespondanse	1
1.4. Viktige prosjekt	1
1.5. Deltaking i råd og utval	1
1.6. Tenestereiser utanom eige distrikt	2
1.7. Nemnder og styrer for perioden 1988-91	2
1.8. Fiskerinemnda (møteverksemd)	3
2. Fiskarmanntalet	4
3. Merkeregisteret for Herøy	5
4. Fiskeflåten i Herøy	6
4.1. Ringnotflåten	6
4.2. Industritrål	6-7
4.3. Reketrål	7
4.4. Bankline. Garn-og Kystflåten	8
4.5. Servise for fiskeflåten	9
5. Oppdrettsnæringa	10
6. Fiskeindustrien i Herøy	11
7. Garantikassen for fiskere	12-13-14
8. Lineegnesentraler i Herøy.	15
Oppsummering	16
Tabell over levert fangst i Herøy 1990	17
Kart over oppdrettslokaliteter i Herøy	18

1. RETTLEDDNINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON.1.1. KONTORET.

Kontoret ligg i sentrum av Fosnavåg. Det er rimelig god plass. Det er 2 kontorrom og eit mindre arkivrom. Eit av kontora er så stort at det kan nyttast til møterom for fiskerinemnda.

Utstyret er det vanlige som ein treng. I 1987 fekk kontoret data-anlegg (PC), ved årsskiftet 1990/91 fekk vi telefax.

1.2. PERSONALET.

Kommunane Høøy, Hareid og Ulstein var fra 1. august 1975 eit rettleiardistrikt. Fra 1. januar 1979 vart distriktet delt og Høøy vart eige rettleiardistrikt. Leiaren hadde nemninga fiskerisekrtær, da stillinga var kommunal med delfinansiering frå fylkeskommuna.

Fra 01.01.82. overtok staten stillinga.

Kontoret har i meste delen av tida hatt kontorhjelp utan stillingshjemmel, løna av arbeidsmarkedsetaten.

Johnny S. Kvalsund har i 1990 vore ansatt som kontorfullmektig. Delvis er han løna av kommunen, og ein mindre del fra Fiskeridirektoratet. Fiskerirettleiaren er Odd Sævik.

1.3. KORRESPONDANSE.

Ved kontoret har det i 1990 vore sendt 713 utgåande brev.

Korrespondansen omfattar m.a. skriv til fiskarmantale, Garantikassa, Statens Fiskarbank, Fiskeridirektoratet, Kommuna, Fiskerisjefen. Og dei som naturleg er kontorets samarbeidspartnara.

1.4. VIKTIGE PROSJEKT.

Ein kan ikkje peike ut spesielle prosjekt som er særskilt viktige. Det er vel vanskeleg å seie at det eine er meir viktig enn det andre.

1.5. DELTAKING I UTVALG, RÅD.

Fiskerirettleiaren er sekretær for fiskerinemnda. Merkelovas tilsynsmann i Høøy, mantallsførar for Fiskarmantallet. Deltok i møte i Teknisk Utvalg og Høøy Hamnestyre med tale og forslagsrett, men utan stemmerett.

1.6. TJENESTEREISER UTAQOM RETTLEIARDISTRIKET

Havbruksseminar i Ålesund 22.-23. februar, møte med sjøfarts- og fiskerikomiteen i Kristiansund 12. mars, møte på Fiskerisjefens kontor 4. mai, RIF-samling i Balestrand 6.-12. mai, fiskerimesse Nor-fishing i Trondheim 9.-10. august, møte med Kontrollverket og RIF i Ålesund 2. november, årsmøte Sunnmøre Fiskarlag i Ålesund 3. november, RIF-samling på Selje 29.-30. november.

1.7. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODEN 1986 - 91.Høgskolen FiskerinemndMedlemer:

1. Anton Leine, 6094, Leiar
2. Arne Sævik, 6094, nestleiar
4. Inge Nærø, 6094
5. Hans Sande, 6095
3. Arnt Leinebø, 6094

Pers. varamedlemer:

1. Jan Magne Kvalsøvik, 6099
2. Knut Arne Høyvik, 6070
4. Jonfred Kvalsøvik, 6099
5. Hans Petter Leine, 6094
3. Åse Alnes Kvalsøvik, 6099

Fiskarbankens TakstnemndMedlemer:

- Odd Sævik, 6094, Leiar
 Knut Sævik, 6094, nestleiar
 Elias Tjervåg, 6070, motorkunnig

Varamedlemer:

1. Reidar J. Remøy, 6094
2. Svein Rune Gjerde, 6070
3. Alf Gunnar Skogen, 6080

Høgskolen HamnestyreMedlemer:

- Charles Remøy, 6094, Leiar
 Magne Sævik, 6090,
 Jan Magne Kvalsøvik, 6099,
 nestleiar
 Reidar Hole, 6090,
 Jonfred Kvalsøvik, 6099
 Erling Husøy, 6080
 Ragnhild Klungre Leine, 6094

Personlege varafolk:Palmar Kleppe, 6080Per Odd Paulsen, 6092

1. Leif K. Igesund, 6090
2. Selma Håkonsholm, 6094
3. Marit Skogen, 6080
4. Jonny Sande, 6095
1. Reidar Remøy, 6094
2. Randi A. Rønning, 6076
3. Kjell Moltu, 6076
1. Inge Nærø, 6094
2. Randi A. Rønning, 6076
3. Isak Enerhaug, 6090
4. Leif Lervik, 6070
1. Knut Sævik, 6094
2. Ingrid Kvalsund, 6098
3. Paul R. Kvalsund, 6095
4. Arne Jøsok, 6080
1. Oddbjørn Remøy, 6094
2. Ragnvald Vågsholm, 6090
3. Hans Sande, 6095
1. Arnhild Abrahamsen, 6094
2. Kjell Olav Kleppe, 6080
3. Henry Berge, 6095

1.8. FISKERINEMNDA (MØTEVERKSEMD).

I nemnda vart det handsama 82 saker i 1990.

Det vart halde 6 fulltallige møter, og 19 sokalla minimøter.

Dette er ved handsaming av meir kurante saker kor berre formann eller ein av nemnda er tilstades. Bl.a. var 8 søknadar til Fiskeridirektoratet om ervervsløyve på farty handsama.

Det var ei samla møtetid 63.5 timer.

Formannen i nemnda har ved fleire høve vore med ordføraren i kommunen til konferansar kor fiskerispørsmål har stått sentralt. Nemnda og fiskerirettleiaren har og engasjert seg sterkt i problemet som sjarkane og mindre farty har med å få levert kystmakrellen. Det har vist seg svært vanskelig å få dei store mottakarane til å ta imot makrell frå sjarkane som då kunne ha eit driftsalternativ.

Saker til Statens Fiskarbank.

Det vart handsama 34 søknader om forlenga avdragstid i 1990, mot 21 i 1989.

Dei fleste vart innvilga, nokre med visse atterhald.

I 1990 vart det igongsett ei ordning med "Krisetiltak for kyst- og banklineflåten". Det kom inn søknader frå 8 farty. 3 av dei fekk søknadane sine innvilga med ein samla sum på kr 190.000.-. Det vart handsama 21 søknader om lån og rentestønad på tilsaman kr. 22.6 mill. 19 vart innvilga med kr. 16.265.000.-.

Når det gjeld løpende lån hadde Fiskarbanken uteståande 99 lån i Herøy kommune til ein samla sum på kr. 112.391.994,- pr 31.12.90. Låna omfattar fartøylån, redskapslån, likviditetslån og anleggslån.

Det kom inn 3 søknader om tilskott til arbeidsmiljøinvestering.

2 vart innvilga med tilsamman kr. 41.000,-.

3 farty søkte om kondemnering i 1990. Alle vart innvilga, men berre 2 vart kondemnerte.

2. FISKARMANNTALET.

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i riket og som har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir nytta ved tilst ing av rettar og/eller sosiale st nadsordningar som gjeld for fiskara og fangstfolk. Det er "billetten" fiskara m  ha for   oppn  det som tilkjem dei av tilskot, kvotar, sjukel n, ferietilskot, A-trygd for fiskara og andre sosiale goder som er tiltenkt fiskarane.

Fiskarane blir registrert p  2 ulike "blad" i manntalet.

P  blad B blir dei oppf rde som antas   f  minst 20 vekers full beskjiftigelse i fiske og fangst, d.v.s. folk som har fiske og fangst som hovudverv.

P  blad A blir dei oppf rde som har fiske som bierverv. Reglane for   st  p  blad A er ikkje s  strenge. Det er mest eldre fiskara som har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uf retrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til   st  p  blad B.

Fiskarmanntalet og merkeregisteret for fiskefarty er kobla slik at for   ha eit farty i merkeregisteret so m  eigaren eller eindel av dei som eig fartyet st  i manntalet, enten p  blad A eller blad B. Det er og ei forutsetning at fartyet blir nytta i ervervsmessig fiske. Etter dei strenge kvoterreguleringane vart innf rd er presset fr  einskildpersonar auka monaleg for   bli teken opp i manntalet og soleis f  fartya sine registrert i merkeregisteret for fiskefarty

Utviklinga i antal fiskara i Her y p  blad B fordelt p  aldersgrupper for  ra -82,-83,-84,-85,-86,-87,-88,-89.

	< 20 ANT %	< 30 ANT %	< 40 ANT %	< 50 ANT %	>50 ANT %	TOTAL ANT %
1982	49 9.0	166 30.5	107 19.7	101 18.6	120 22.0	543 100
1983	65 11.5	168 29.5	120 21.0	95 16.7	127 16.3	569 100
1984	53 8.7	203 33.6	126 20.9	100 16.6	121 20.1	603 100
1985	71 11.9	199 33.4	117 19.7	99 16.6	109 18.3	595 100
1986	70 10.3	235 34.8	149 22.0	103 15.2	119 17.6	676 100
1987	74 10.2	256 35.6	153 21.2	108 15.2	121 15.0	719 100
1988	101 14.2	241 33.8	157 22.0	107 15.0	107 15.0	713 100
1989	101 16.1	218 34.7	135 21.4	92 14.6	83 13.2	629 100
1990	51 8.3	253 40.9	120 19.4	95 15.4	97 15.7	618 100

P  blad A var det i 1986 91 personar, i 87 var det 92, i 88 var det 93, i 89 var det 105 og ved utgangen av 1990 var det 126 personar p  blad A.

Rekrutteringa til fiskeria i Her y er framleis god. Det vart 58 nyinnmeldingar i manntalet i 1990 mot 60  ret f r.

N r det gjeld tala for 1988 s  er ikkje dei rette. Ved ein feil p  Direktoratets datalister var det ca. 35 personar som ikkje var stroke fr  listene d  dei vart oppretta. Totalen for 1988 skulle vere 678, s  avgangen er ikkje s  stor som det kan sj  ut.

Fiskeflåten i Herøy pr. 31.12. 89 Storleik byggeår, avgang/tilgang 1989

Lengde i meter	Antall farty				Byggeår								
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980	Etter 1980	Totalt	
Under 9.99 m	214	71	7	150	1			2	6	14	79	48	150
10 m - 14.99 m	32	6		26					1	2	6	17	26
15 m - 19.99 m	6	3	1	4	1				1		1	1	4
20 m - 24.99 m	3	1		2	1					1			2
25 m - 29.99 m	2	1		1					1				1
30 m og over	33	3	1	31				1	7	5	12	6	31
Totalt	290	85	9	214	3	0	3	16	22	98	72	214	

Fiskeflåten i Herøy pr. 31.12.90 Storleik byggeår, avgang/tilgang 1990

Lengde i meter	Antall farty				Byggeår								
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980	Etter 1980	Totalt	
Under 9.99 m	150	7	14	157	1			2	6	14	82	52	157
10 m - 14.99 m	26	2	1	25					1	2	12	10	25
15 m - 19.99 m	4	1	0	3					1		1	1	3
20 m - 24.99 m	2	0	0	2	1					1			2
25 m - 29.99 m	1	0	2	3						1	1	1	3
30 m og over	31	3	1	29				1	7	5	12	4	29
Totalt	214	13	18	219	2	0	3	15	23	108	68	219	

4. FISKEFLÄTEN I HERØY.

Som ein vil sjå i statistikken over fiskeflåten i Herøy så har talet på fartøy no stabilisert seg, med ein liten tilgang på 5 farty i 1990. I 1989 vart det foreteke ei drastisk opprydding i merkeregisteret og det vart stroke heile 85 farty frå registeret. Totalt hadde herøyflåten ein bruttoinntekt på Kr. 327.000.000.- i 90 mot Kr. 360.000.000.-. Det minka med 33 millioner.

4.1. RINGNOTFLÄTEN.

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppa i herøyflåten. Herøy ilag med Austevoll er dei 2 dominerande ringnotmiljøa i landet. Ved årskiftet 89-90 var den aktive konsesjonskapasitet 122.850 hl og 2 "sovande" konsesjonar på 16.600 hl. Ved utgangen av 1990 var det 14 aktive ringnotfarty med ein konsesjonskapasitet på 133.150 hl. og ein "sovande" konsesjon på 8000 hl.

Det går stendig føre seg ei oppgradering og fornying av utstyr i flåten so ein kan trygt seie at flåten er i god stand. Det har vore ein stor fordel om det har vore økonomisk forsvarleg med ei fornying av flåten, men med dei store kapitalutgifter som krevs og med begrensa kvoter ser ikkje reiarane seg syn med det.

Med ei auke frå 155 mill. kroner i 1988 til 184 mill. kroner i 1989 befesta ringnotflåten si stilling som den viktigaste flåtegruppa i Herøy. I 1990 hadde flåten ein tilbakegang i fangstinntekter og nådde kr. 162.000.000.-. Ein nedgang på 22 mill. Ringnotflåten står no for meir enn 50 % av verdiskapninga i fiskeria.

BRUTTO FANGSTINNTEKT FOR RINGNOTFLÄTEN FOR ARA 1984-1990.

1984:	KR. 121.321.000.-
1985:	KR. 125.000.000.-
1986:	KR. 127.000.000.-
1987:	KR. 113.000.000.-
1988:	KR. 154.500.000.-
1989:	KR. 184.000.000.-
1990:	KR. 162.000.000.-

To av ringnotfartya har ikkje løyve til å drive kolmuletråling. Den eine av dei driv ombordproduksjon av frosnevarer.

4.2. INDUSTRIRTRÅL.

Herøy hadde 6 industritrålara i 1990. Fartya er for det meste eldre farty, men dei er moderniserte og oppgraderte so ein kan trygt seie at dei er i tipp topp stand. Det visar også igjen på resultata. Industritrålalarane frå Herøy er alltid blandt toppbåtane i industritrålflåten.

Med den intense drifta til industritrålalarane har alle no utskiftingsmannskap. Drifta er no so hektisk at ingen greier å stå ombord heileåret. Dette gjer seg og utslag i bettre fangstar og bettre arbeidsmiljø.

Forts.

4.2. INDUSTRITRÅL: (forts)

Brutto fangstinntekt for industritrålarane 1985-1990.

1985: KR. 15.000.000.-
 1986: KR. 19.000.000.-
 1987: KR. 25.000.000.-
 1988: KR. 19.500.000.-
 1989: KR. 29.000.000.-
 1990: KR. 27.000.000.-

Ein vil sjå at i 1990 vart det ein nedgang på 2 mill. men ein kan vel seie at resultatet var rimeleg bra.

Trålskadane grunna oljeverksemda auka monaleg i 1989 mot førre året. Trålarane klagar särleg over at feltet på "Kanten", d.v.s. frå 60 N.br. til Tampen er det blitt fleire "feste" enn før. Dette var rekna for å være eit av dei felta kor dei hadde minst plage med riving og fastkjøyring. I 1990 auka skadesøknadane ytterligare, men det kan sjå ut som om det vart vanskeligare å få erstatning for det som fiskarane meinte var skader som kunne tilbakeførast til oljeverksemda.

Erstatningsutbetaling

År:	Antal søknader:	Innvilga:	Sum:
1987	20	18	Kr. 551.060.-
1988:	4	1	Kr. 17.600.-
1989	10	7	Kr. 296.640.-
1990:	16	10	KR. 246.360.-

Årsaka til den store nedgangen i skadesøknader og erstatningar i 1988 er litt usikker. Men etter opplysninga frå Direktoratet er ikkje trenden spesiell for trålarane frå Herøy. Der meinar dei at hovudsaka er det opprydningsarbeidet som er gjort i Nordsjøen. I samanheng med arbeidet vart også "hefta" nøyaktig innplotta på karta så dei er lettare å gå klar for fiskarane. Det er vanskelig ut frå tala å samanlikne dei ymse åra. Saksbehandlinga med søknadane tar lang tid. Ofte kan det ta eit år og meir når saka blir anka.

4.3. REKETRÅL.

Etter forliset av "Herøyværing" i 1988 var det 4 rekefrysetrålara i Herøy. I 1990 vart det innkjøpt eit parti som vart ombygd til reketrål, men den kom ikkje i drift før i 1991. Båtane frå Herøy har ikkje dreve särleg på felta i Barentshavet desse åra. Reka der er vanlegvis små og mestedelen er sokalla industrireke som blir levert til pillareke. Dei felta som blir brukt mest av båtane frå Herøy er Aust Grønland, Jan Mayen og Svalbardfelta. Der finn dei den største reka som betingar høgste prisane.

BRUTTOFANGST FOR REKETRÅLARANE 1985-1990.

1985: KR. 59.000.000.-
 1986: KR. 82.000.000.-
 1987: KR. 88.000.000.-
 1988: KR. 91.000.000.-
 1989: KR. 87.000.000.-
 1990: KR. 92.000.000.-

4.4. BANKLINE, GARN - OG KYSTFLÄTEN.

Gruppa som omfattar autoline, garnbåtar og kystfiskargruppa som driv kombinasjonsfiske med garn, line, not og snurrevad er den største i antal og det er litt vanskelig å anslå det økonomiske resultat for dei einskilde gruppene.

Det er og eigara av mindre farty som driv delar av året på eigin båt og delar av året på større farty. Ettersom mannskap på havfiskeflåten no på dei fleste farty har friturar så har mange kjøpt sjark og driv fiske med den i friperiodane sine. Spesielt er det blitt vanleg etter at kvotereguleringar for torskefisket vart innførd. Men det var ikkje uvanleg før heller. Kombinasjonsfiske på større og mindre farty har lang tradisjon her i kommunen. Supply-og Stand-Byflåten i Herøy rekrutterar mesteparten av mannskapet frå fiskarane. Dei har ordna fritid og mange ordnar seg slik at dei kan delta i fiske når fortanesta er størst.

Det var 38 farty i Herøy som fekk fartykvote for torsk i 1990. Tilliks med fiskara i andre kystkommunar var det også i Herøy misnøye frå einskilde fiskara som ikkje kom med i fartykvoteordninga. Dei som ikkje fekk fartykvote kom med i ei ordning med maksimalkvote for merkeregistrerte farty. Kvota for farty under 12 meter var 2.5 tonn og 3.5 tonn for dei over 12 meter. At fiskara på Blad A fekk same maksimalkvote som heilårsfiskara på Blad B førde tildels til sterke reaksjonar frå einskilde fiskara. Det var vel og forståelig.

Då forskriftene for torskefisket 1990 vart kjend vart rettleiarkontoret nærrast okkupert av misnøgde fiskara. Dei kom når kontoret åpna om morgonen og sat her på timesvis. Ein kan trygt seie at reaksjonen var voldsom og spontan. For kontoret var det ei stor belastning med alle dei som ville ha hjelp til anker og søknader om kvote. Og bitterheita og raseriet frå dei som dreiv heilårsfiske som var sett i same bås som dei som var meir eller mindre fritidsfiskara var og forståelig.

Dei to autolinefartya i Herøy hadde tilsaman ein fangst på 22 mill. kroner i 1990. For den resterande kystflåten som omfattar kytnot, garn-og linefarty og kombinasjon av desse var fangstverdien omlag 24 mill. kroner. Tilsaman fiska autolinarnarane og det som kjem under kystflåten for omlag 46 mill. kroner som er 1 mill. meir enn i 1989.

4.5. SERVISE FOR FISKEFLÄTEN.

Det er no berre eit verft igjen i kommunen som driv med nybygging og reparasjon og vedlikehald av større farty. Verftet i Tjørvåg som og hadde flytedokk gjekk konkurs og er no nedlagt. Det blir no dreve med sandblåsing og delar av anlegget er vekkleid til andre føremål.

Det er fleire mindre verkstader med slipp som betenar sjarkflåten og den veksande fritidsflåten.

I Fosnavåg er det og eit notbøteri med skipshandel. Dei har og service for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri, dei driv og med opplagsplass for mindre båtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy. Den eine og med ein assortert skipshandel. Fabrikkane er i seinare åra mykje fornya, og dei leverer produkta sine over heile landet, og det har og vore satsa på eksport av nokre av produkta.

Bøteria og reidskapsfabrikkane sysselsæt i perioder 50-60 personar og ein stor del av dei er kvinner.

Utviklinga med stendig meir elektroniske og elektriske apparater ombord i fiskebåtane set store krav til ettersyn, vedlikehald nyinnstallasjoner. Det er ei forretning i Herøy som har spesialisert seg på dette og ei anna driv også i bransjen, men i mindre målestokk.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte reknesakskontor. Det er fleire av dei i kommunen og Skipsregnskap A/S er det største. Dei har rekneskap og tildels administrasjon for dei fleste større farty i kommunen.

5. OPPDRETTSNÆRINGA.

I Herøy har vi 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure. Det er eit anlegg for oppdrett av torsk og to landbaserte anlegg for oppdrett av kveite, piggvar og andre marine artar. Møre Marin Fisk har vorte landskjend for sitt pionerarbeid med kveiteoppdrett. I 1990 starta dei oppforing av ca. 6500 eigenproduserte kveiteyngel. Rognproduksjon og strykning foregår på Eggensbønes og klekking ved Sea Farm sitt anlegg i Hordaland. Dagleg leiar ved Møre Marin Fisk, Roger Kvalsund, var og den første som fekk til å befrukte steinbit i fangenskap etter at det vart oppdaga at steinbiten hadde indre befruktning og ikkje ytre som dei fleste trudde.

I 1989 og 1990 vart næringa spesielt på Sunnmøre ramma av furunkolose. Anlegga i Herøy gjekk lenge klar sjukdommen, men 3 av anlegga vart og her smitta. Det var berre eit anlegg som ikkje det vart konstaterat smitta i, men også det vart tilslutt smitta.

Den sokalla "Sunnmørsmodellen", samdrift av fleire anlegg på nye lokalitetar vart gjennemført på friviljug basis av oppdrettarane, også i Herøy. Og finne nye lokalitetar er problematisk i Herøy. Kystsoneplanlegging er ikkje kome igong her i kommunen, men sjøl om så har skjedd ville problema med nye lokalitetar vore like vanskeleg. Etter mykje om og men, og med velvilje frå miljøavdelinga på Molde og frå kommunalt hald greide ein tilslutt og finne samdriftlokalitetar til dei 4 matfiskanlegga.

Produksjon og verdi.

1987.

3 anlegg. Produksjon: 681 tonn. Verdi kr. 30.000.000,-.
Gjennomsnittspris, totalt kr 44,-.

1988.

4 anlegg. Produksjon: 945 tonn. Verdi kr. 35.000.000,-.
Gjennomsnittspris, totalt kr. 37,-.

1989.

4 anlegg. Produksjon: 860 tonn. Verdi kr. 25.400.000,-.
Gjennomsnittspris, totalt kr. 29,-.

1990.

4 anlegg. Produksjon: 948 tonn. Verdi kr. 26.000.000,-.
Gjennomsnittspris, totalt kr. 27.43.

Her på kontoret har ein merka ei minkande interesse for oppdrett. Arsaka er vel dei problema som næringa har hatt i det siste. Gebyra som no må betala er vel og ein medverkande årsak. For Herøy sitt vedkomande er det no ikkje fleire høvelege lokalitetar igjen for oppdrett i sjø. Ein må i framtida basere seg på landbaserte anlegg hvis det skal skje ei vesentleg utviding av oppdrettsnæringa i kommunen.

6. FISKEINDUSTRIEN I HERØY.

Herøy har framleis ein variert fiskeindustri. Oddvin Bjørge A/S på Eggensbønes har lagt ned all produksjon av fisk og anlegget blir no berre brukt til oppdrett av marine arter. Møre Marin Fisk k/s nyttar no anlegget til kveiteoppdrett.

Fosnavåg Fryseri har dei siste åra bygd eit større fryselager skote inn i fjellet påsida med det gamle fryseriet og forlenga kaia. Det er no eit topp moderne anlegg for mottak av makrell, sild og fisk. Det er dessutan 3 røykeri og ein sildoljefabrikk. I Herøy er det 2 hermetikkfabrikker. Ein på Moldtustrand og ein i Fosnavåg som produserer eit vidt spekter av ymse produkter. Det er og 2 lakseslakteri. Ett i Fosnavåg og ett på Moltustrand. Sildoljefabrikken er ein av dei store arbeidsplassane i kommunen med 40 ansette. Ved fabrikken blei det i 1989 oppført nytt bygg for produksjon av LT-mel samt andre bygningsmessige forbetringar. Det vart investert for 15-20 mill. kroner og fabrikken er no millom dei beste i landet. Det er spesielt viktig for ringnotflåten i Herøy å ha eit slikt mottak i kommunen. Fiskeindustrien og verksemder med tilknytning til fiske i kommunen hadde i 1990 følgjande sysselsetningseffekt:

Arsverk: Menn: 123 årsverk. Kvinner: 105 årsverk.

Sildefiskernes Fabrikklag, Moltustrand.

Råstoffmottak i HL. 1989.

Sild:	34.983	18.192
Kolmule:	592.366	612.094
Makrell:	77.030	950
Augepål /Vassild:	45.817	123.546
Tobis:	87.686	-
Vinterlodde:	58.513	68.391
Sumarlodde:	60.010	33.274
Annet:	25.591	1.495
Hestemakrell:	89.538	27.348
<u>1989</u>	<u>1.055.160</u>	<u>885.290</u>
<u>1988</u>	<u>870.834</u>	
<u>1987</u>	<u>801.012</u>	
<u>1986</u>	<u>921.012</u>	
<u>1985</u>	<u>876.674</u>	
<u>1984</u>	<u>834.850</u>	
<u>1983</u>	<u>708.848</u>	

Råstoffmottak i HL. 1990.

Det var spesielt minka tilførsel av sild makrell og hestemakrell som var årsaka til at totalkvantumet minka med omlag 170.000 hl i 1990. Ein medverkande årsak til at kvantumet av hestemakrel minka var også at det åpna seg eit marked for denne makrellen til konsum på det japanske markedet.

7. GARANTIKASSEN FOR FISKERE.

Garantiordningen for fiskere i Trondheim blei oppretta 1. jan 1980 og administrerer ordningene med garantilott (minstelott), feriepengar, arbeidsledighetstrygd og ymse andre stønadsordningar.

Ferieordningen.

Lov om ferie for fiskere omfattar alle som utfører arbeid ombord i farty, og får sin godtgjørelse med lott, hyre, lønn eller på tilsvarande måte.

Feriepengane består av innbetalt avgift frå den enkelte fiskar og eit beløp avsett over fiskeristøtten (Statsandel).

Feriepengar fekk ein når følgjande forhold var oppfylt:

- hadde minst 2 veker på fiske i opptjeningsåret.

- sto oppførd på blad B i fiskarmannatalet, eller fyllte betingelsene for opptak på blad B.

1986:

Antal personar:	Eigenandel	Statsandel	Total
564	Sum Kr. 2.363.555,-	Kr. 1.843.154,-	Kr. 4.206.709,-
	Gj.snitt: Kr. 4.190,-	Kr. 3.260,-	Kr. 7.458,-

1987:

622	Sum Kr. 2.283.572,-	Kr. 1.597.469,-	Kr. 4.421.041,-
	Gj.snitt: Kr. 4.539,-	Kr. 2.568,-	Kr. 7.107,-

1988

617	Sum Kr. 3.069.607,-	Kr. 1.652.064,-	Kr. 4.721.671,-
	Gj.snitt Kr. 4.638,-	Kr. 2.627,-	Kr. 7.266,-

1989

618	Sum Kr. 3.111.679,-	Kr. 1.683.909,-	Kr. 4.795.588,-
	Gj.snitt Kr. 5.035,-	Kr. 2.724,-	Kr. 7.759,-

1990

605	Sum Kr. 3.300.849,-	Kr. 1.793.114,-	Kr. 5.093.963,-
	Gj.snitt Kr. 5.455,-	Kr. 2.963,-	Kr. 8.419,-

Utbetalingane i 1990 har auka litt og det gjenspeglar vel den auka fangstverdi siste året. Talet på fiskara som fylte krava til ferietskot held seg forbausande stabilt.

Arbeidsledighetstrygd.

Omfattar alle fiskarar oppført i manntalets blad B, sysselsatt ombord i merkeregistrert farty. Rett til A-trygd har ein ved ei rekke tilfelle når fartyet er satt ut av drift, f.eks. ved forlis, havari, ishindringar o.s.v. Dagpengesatsen var Kr. 250,- pr dag 6 dagar pr. veka.

A-trygden blir finansiert innafør det beløp som fiskarane betaler inn i produktavgift ved førstehandsomsetning av fisk og fiskevarer.

Utbetalt til Herøy i 1986.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 293.694,-	103	1579
2. (01.05.-31.08.)	" 187.689,-	182	964
3. (01.09.-23.12.)	" 154.306,-	83	885
SUM	Kr. 626.689,-	368	3428 Forts.

Utbetalt til Herøy i 1987.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Krav</u>	<u>Dagar</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 310.786,-	130	1701
2. (01.05.-31.08.)	" 324.198,-	152	1743
3. (01.09.-23.12.)	" 199.578,-	115	1073
SUM	Kr. 834.562,-	397	4517

Auken på over kr. 200.000,- i utbetalt A-trygd i 87 kjem mest frå gruppa havari.

Utbetalt til Herøy i 1988.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Krav</u>	<u>Dagar</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 562.000,-	118	3051
2. (01.05.-31.08.)	" 256.000,-	97	1395
3. (01.09.-23.12.)	" 447.000,-	79	2431
SUM	Kr. 1.265.000,-	294	6877

Utbetalt til Herøy i 1989.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Krav</u>	<u>Dagar</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 482.000,-	85	2604
2. (01.05.-31.08.)	" 375.000,-	53	1513
3. (01.09.-23.12.)	" 583.000,-	86	2334
SUM	Kr. 1.440.000,-	224	6451

Utbetalt til Herøy i 1990.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Krav</u>	<u>Dagar</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 837.000,-	140	3.360
2. (01.05.-31.08.)	" 452.000,-	94	1.820
3. (01.09.-23.12.)	" 229.000,-	41	913
SUM	Kr. 1.518.000,-	275	6.093

Statistikken for A-trygd er ikkje direkte sammenlignbar, da satsen for dagpengar er heva fra kr. 186,- til kr. 250,-. Og tida ein kan få A-trygd er auka fra 20 til 40 veker.

GARANTIORDNINGEN (Minstelott).

Ordninga omfattar alle fiskarar på farty som var førd inn i merke-registeret for norske fiskefarty, soframt fisket var dreve minst 22 dagar og høvedsmann stod på blad B i fiskarmanntalet. Tilskotet frå GFF blei rekna ut på grunnlag av oppnådd lott og fisket hvis dette slår feil, heilt eller delvis.

GARANTILOTT utbetalt til Herøy i 1986,-87,-88 og 1989.

1986.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant.farty</u>	<u>Ant.mann</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 553.200,-	15	52
2. (01.05.-30.08.)	" 461.200,-	12	36
3. (01.09.-23.12.)	" 177.000,-	11	21
TOTAL	Kr. 1.191.400,-	38	109

Forts.

1987.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant. farty</u>	<u>Ant. mann</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 446.300,-	26	65
2. (01.05.-31.08.)	" 322.300,-	27	70
3. (01.09.-23.12.)	" 294.400,-	18	36
TOTAL	Kr. 1.083.000,-	71	171

1988.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant. farty</u>	<u>Ant. mann</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 833.600,-	41	77
2. (01.05.-31.08.)	Kr. 460.900,-	26	65
3. (01.09.-23.12.)	Kr. 609.100,-	33	64
TOTAL	Kr. 1.903.600,-	100	206

1989.

<u>Garaantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant. farty</u>	<u>Ant. mann</u>
1. (02.01.-30.04.)	Kr. 288.000,-	17	32
2. (01.05.-31.08.)	Kr. 450.800,-	23	45
3. (01.09.-23.12.)	Kr. 419.600,-	17	37
TOTAL	Kr. 1.158.400,-	57	114

1990.

<u>Garantiperiode</u>	<u>Beløp</u>	<u>Ant. farty</u>	<u>Ant. mann</u>
1. (02.01.-30.04)	Kr. 372.200,-	21	37
2. (01.05.-31.08.)	Kr. 349.200,-	19	45
3. (01.09.-23.12.)	Kr. 483.200,-	28	48
TOTAL	Kr. 1.204.600,-	68	130

Hovedtyngda av garantilotten er utbetalt til dei som driv etter torsk, sei, hyse, lange og brosme. 117 mann på 63 farty har til sammen fått utbetalt kr. 1.051.200,- frå Garantikassen.

8. LINNEEGNESENTRALER I HERØY.

I 1990 var det 9 egnesentraler i drift i Herøy. 2 av sentralane var ikke i drift i 1990.

Tabellen viser aktiviteten til dei ymse sentralane.

	Ant.krok x 100	Fangst i tonn	Ant. farty	Ant. sjøvær	Fangst pr.100 krok	Fangst kg. pr.sjøvær
BØE/SANDE	176	2,1	1	5	11,93 kg.	420,0
FOSNAVÅG	12.223	170,9	10	243	13,98 "	703,2
FRØSTADVÅG	2.251	29,7	2	49	13,90 "	606,1
KVALSUND	1.956	31,2	1	29	15,95 "	1.075,9
LEINE	3.616	58,2	7	105	16,10 "	554,3
NERLAND	1.512	29,1	1	21	19,25 "	1.385,7
RUNDE	1.882	39,4	2	30	20,49 "	1.313,3
TEIGE	970	15,6	1	28	16,00 "	557,1
TORVIK	942	15,9	1	28	16,88 "	567,9
SUM	25.528	392,1	26	538	144,48 kg.	7.183,5

Fangst gj. snitt for alle pr. 100 krok: 16,05kg.

" -----"----- pr. sjøvær: 798,2kg.

" -----"----- pr. fartøy: 15.080,8kg.

For dei 18 sentralane i fylket utanom Herøy er tala slik:

Ant.krok x 100	Fangst i tonn	Ant. farty	Ant. sjøvær
44.998	628,9	48	940

Fangst gj. snitt for alle pr. 100 krok: 13,97 kg.

" -----"----- pr. sjøvær: 669 kg.

" -----"----- pr. fartøy: 13.102 kg

Som det går fram av tala ligg Herøy høgare både når det gjeld fangst pr. 100 krok, pr. sjøvær og pr. fartøy. Men tala er ikke direkte samanlignbare då det er stor forskjel på dei ulike egnesentralane både når det gjeld Herøy og fylket ellers med omsyn til aktivitet.

For 1990 var tilskotsatsen kr. 10,- pr. 100 anglar heile året.

For fylket under eitt utgjorde dette omlag kr. 705.000,- som tilsvavar kr. 0,70 pr. kg. fangst.

Oppsummering

Ein kan vel seie at året 1990 som heilheit var eit medelår for fiskeflåten i Herøy. For ringnotflåten kan ein berre konstatere at dei fekk det maksimale ut av dei kvotar dei var tildelte. Variasjonar i inntektene skreiv seg i hovudsak frå kolmulefisket. Der vil inntekta variere sterkt. Det har med størrelse på lastekapasitet og maskinkraft å gjere, og det slår ekstra sterkt ut på kolmulefisket. For ringnotfartya som dreiv kolmulefiske varierte bruttoinntekta millom 10.5 mill.kroner og 16 mill. For dei fleste gir dette balanse i drifta, men for dei med høg lånegjeld blir det forlite. Det visar seg og at det er dei med høgre gjeld enn 10 mill. har vanskar med å få drifta til å balansere.

I motsetnad til havforskarane meiner og fiskarane som har dreve kolmulefiske sidan starten at det har minka sterkt på forekomstane dei seinare åra. Det har til no blitt kompensert med stendig større trålar og større visjar, men det er no nådd maksimumsgrensa for det dei greier å drage med dei maskinkrefter dei ymse fartya har.

Grunna därleg veir om vinteren var det fleire farty som hadde fartykvote som måtte gå nordover for å fylle kvota si, men alle fekk tilslutt det dei hadde lov til å fiske. Det var og eit godt hysefiske for sjarkflåten utover hausten, så stort sett var dei fleste nøgde med året, dei små torskekvoteane tatt i betrakting. Også for dei andre fartya som driv heilårsfiske er resultatet medels godt.

Når det gjeld fiskeindustrien i Herøy er situasjonen at på kjøparsida er det no berre eit anlegg igjen som kjøper fisk av betydning. Men dei har då ekspandert kraftig dei siste åra og er no den største kjøpar fisk på Søre Sunnmøre. Etter at Fosnavåg Fryseri bygde ut anlegget med frysehallar i fjell er dei no mottakar avstore kvanta makrell. Det er og to slakteri for laks i Herøy. Det eine kom skeiwt ut og måtte igjennom ei refinansiering, så aktiviteten vart sterkt redusert. Men slakteria generelt fekk jamnt over ein sterkt redusert aktivitet grunna ordninga med innfrysing som FOS gjennemførde. Det kan best visast med at det kvantum som vart slakta ved det andre slakteriet minka frå 1800 tonn i 1989 til 600 tonn i 1990.

Herøy har ei variert fiskeflåte og det er eit godt konsentrert miljø i kommunen. Rekrutteringa er god og fiskaryrket er framleis attraktivt for dei unge. Så stort sett kan ein nok seie at slik det ser ut no så er framtidsutsiktene gode for fiskeflåten og industrien i Herøy.

Den totale sysselsettinga som fiskerinäringa skapar i Herøy er noko vanskelig å talfeste. Det er gjordt berekningar som viser at kvar registrert fiskar skapar frå 1 til 1.2 arbeidsplass på land. Ein finn ikkje at det kan gjelde for Herøy. Det er ved årskiftet 618 fiskara registrert på Blad B og 126 på Blad A. For fiskeindustrien og verksemder knytta til fiske er det samla 228 årsverk. Då er ikkje ringverknader for handelsnäringa medrekna. Ein kan vel bruke faktor 0.5 og kjem då til at $618 \times 0.5 = 309$. Ein kan vel seie at fiskerinäringa i Herøy skapar ca. 1000 arbeidsplassar. Ein må då sjå på at havfiskeflåten i Herøy leverer sine fangstar i heile landet og at dei direkte ringverknader ikkje er så store som i andre kommunar med fleire fiskemottak.

FISKESLAG ILANDFØRT I HERØY KOMMUNE OMSETT AV SUNNMØRE OG ROMSDAL
FISKESALSLAG I 1990.

Fiskeslag:	Levert kquantum (Kg):	Verdi (Kr):
Torsk	761234.5	10.007.799.59
Sei	886167	5.803.588.50
Hyse	284278.8	2.650.691.15
Lange	369992	4.435.410.05
Brosme	794079.4	6.004.491.84
Blålange	27376	221.494.50
Kveite	1933	63.441.50
Flyndre	257	1.408.50
Uer	217.084	1.231.067.50
Blåkveite	29298	333.097.40
Skate	16674	113.706.50
Steinbit	7339	44.598.10
Breiflabb	3990	110.706.00
Kolkjeft/hake	1721	11.740.50
Pigghå	5289	31.395.00
Lyr	21460	124.326.85
Al	496	15.131.00
Krabbe/produksjon	1217	4.868.00
Hummer	632	70.523.00
Reker	3143501	50.675.110.50
Rogn	47366	420.043.50
Skjellbrosme	47472	112.487.50
TOTALT	6645395	82.490.263.00

Lokalitetar for oppdrett

- ▲ Tovikfisk A/S
- Herøy laks A/S
- ◆ Herøy Fiskefarm A/S
- ☒ OK FISK A/S
- Møre Marin Fisk A/S Landbasert Kveite/Steinbit
Torskeoppdrett i sjø
- ⊕ Haldor Frøystadvåg Landbasert Kveite/Piggvar
- Samdrift/Herøy laks - Herøy Fiskefarm Utsett 1990
- ▬ Samdrift/Torvikfisk - OK FISK Utsett 1990

X Settefisk Øyralaks A/S

